

No ser eg atter slike fjell og dalar

Tekst: Aasmund Olavsson Vinje 1861

Melodi: Edvard Grieg

C Am G(sus4) G C H7(sus4) H7
No ser eg at - ter sli-ke fjell og da - lar som dei eg i min fyr-ste ung-dom
5 E Am Am/E E H
såg. Og sa-me vind den hei-te pan-na sva - lar: Og gul-let ligg på snø som før det
9 E Am D7 Am D7 Am H7 E G7
låg. Det er eit bar-ne mål som til meg ta-lar og gjer meg tan-ke-full, men en-då fjåg. Med
14 C F C C/G G7 C
ung-doms-min-ne er den ta-la blan-da. Det strøy-mer på meg så eg knapt kan an-da.

Ja livet strøymer på meg, som det strøynde
når under snø eg såg det grønne strå.
Eg drøymer no, som før eg alltid drøynde
når slike fjell eg såg i lufti blå.
Eg gløymer dagsens strid, som før eg gløynde
når eg mot kveld av sol eit glimt fekk sjå.
Eg finner vel eit hus som vil meg hysa
når soli heim til natti vil meg lysa.

Alt er som før. Men det er meir forklåra,
så dagsens ljøs meg synest meire bjart,
og det som beit og skar meg, så det sára,
det gjerer sjølv skuggen mindre svart.
Sjøl det som til å synda tidt meg dåra,
sjølv det gjer harde fjellet mindre hardt.
Forsona koma atter gamle tankar:
Det same hjarta er som eldre bankar.

Og kvar ein stein eg som ein kjenning finner:
for slik var den eg flaug ikring som gut.
Som var det kjempor, spør eg kven som vinner
av den og denne andre høge nut.
Alt minner meg. Det minner, og det minner
til soli bort i snøen sloknar ut.
Og inn i siste svevn meg eingong huggar
dei gamle minne og dei gamle skuggar.